



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Kommunebilde Kristiansund kommune

**Eit grunnlagsdokument for dialog mellom Kristiansund
kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

20.08.2013

Innhald

Kap. 1 – Innleiing	4
1.1 Innhald/struktur i dokumentet	4
1.2 Kort om Fylkesmannens rolle og funksjon, med søkelys på dialog og samarbeid med kommunane	5
1.3 Forankring i strategiplanen for FMMR og i embetsoppdraget	6
1.4 Fylkesmannen sine overordna prioriteringar og satsingar på tvers av fagavdelingane	7
1.5 Kort om Kristiansund kommune	8
Kap. 2 – Regional og kommunal samfunnsutvikling - plansamordning	10
2.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet	10
2.2 Kommuneplanlegging som politisk og administrativt styringsverktøy	11
Kap. 3 – Kommunal- og beredskap	15
3.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet	15
3.2 Økonomi og økonomistyring	15
3.3 Samfunnstryggleik og beredskap	17
3.4 Interkommunalt samarbeid	19
3.5 Klagesaker etter plan- og bygningslova	20
3.6 Verjemål	21
Kap. 4 – Helse og sosial	22
4.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet	22
4.2 Kommnehelse	23
4.3 Pleie og omsorg.....	24
4.4 Sosialtenesta	26
4.5 Barnevern.....	27
4.6 Psykisk helsearbeid.....	27
4.7 Gjennomføring av helsehjelp med tvang.....	29
4.8 Rusfeltet	30
4.9 Kort oppsummering av fagområdet med søkelys på vidare oppfølging -	31
Kap. 5 –Oppvekst og utdanning	32
5.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet	32
5.2 Barnehage	32
5.3 Grunnskole	35
Kap. 6 - Miljøvern og arealforvaltning	41
6.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet	41

6.2	Forvaltning av arealressursane gjennom kommunal arealplanlegging	41
6.3	Naturvern	42
6.4	Forureining.....	44
Kap. 7	– Landbruk.....	46
7.1	Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet	46
7.2	Landbruk og bygdeutvikling	46
7.3	Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak..	47

Kap. 1 – Innleiing

- Om innhald/struktur i dokumentet
- Kort om Fylkesmannens rolle og funksjon, med søkelys på dialog og samarbeid med kommunane
- Forankring i strategiplanen for FMMR og i embetsoppdraget
- Om FM sine overordna prioriteringar og satsingar på tvers av fagavdelingane

1.1 Innhald/struktur i dokumentet

Kommunebilde for Kristiansund vil inngå som eit viktig grunnlag for nærare samarbeid og dialog mellom Fylkesmannen og kommunen. Dokumentet er forankra i Fylkesmannens embetsoppdrag. Målet med dokumentet er at kommunen og Fylkesmannen saman kan ha dialog om ulike utfordringar og korleis ein saman kan kome fram til betre løysingar for innbyggjarane i Møre og Romsdal.

Kommunebildet er utarbeida på bakgrunn av KOSTRA tall, den årlege fylkesstatistikken frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, samt resultat frå fylkesmannens tilsyn, klagesaksbehandling og øvrig saksbehandling frå dei ulike fagområda.

Det er viktig å understreke at kommunebildet frå Fylkesmannen si side ikkje er meint som eit uttømande bilde av kommunen, men at dokumentet rettar søkelyset mot forhold der kommunen har eit handlingsrom eller utviklingspotensial som det er viktig å ha dialog om. Dokumentet reflekterer vårt inntrykk av kommunen på overordna nivå, og er meint å gi ei rask, samla oversikt over ulike utfordringar kommunen står over for. Dei ulike punkta kan elles i ulik grad vere kvalitetssikra, og vil heller ikkje representere ein fasit eller objektivt syn på situasjonen i kommunen.

Kommunebildet vil saman med kommunestatistikk og andre aktuelle grunnlagsdokument vere eit naturleg utgangspunkt for Fylkesmannens opplegg for samordna kommunebesøk i den aktuelle kommunen. Dokumentet vil bli oppdatert/revidert i samband med dette.

Innhaldsmessig rettar dokumentet søkelys mot følgjande tema:

- Regional og kommunal samfunnsutvikling - plansamordning
- Kommunal og beredskap
- Helse- og sosial
- Oppvekst og utdanning
- Miljøvern og arealforvaltning
- Landbruk

Tema/kapittelinnending avspeglar i hovudsak strukturen i fagavdelingane hos Fylkesmannen. For kvart tema blir presentasjonen bygd opp rundt tre hovudpunkt:

- **Fylkesmannen sine fokusområde**
 - omfattar relevante og konkrete forhold for gjeldande kommune med utgangspunkt i statlege forventningar og politikk, samt Fylkesmannens kjennskap til kommunen
- **Fylkesmannen sitt bilde av kommunen**
 - omfattar ei kort oppsummering av kommunens status i forhold til Fylkesmannens fokusområde og eventuelle andre relevante forhold
- **Dialogpunkt**
 - omfattar forhold der Fylkesmannen ønskjer ein dialog med kommunen

Som vedlegg til dokumentet er det m.a. tatt med aktuelle lenker til:

- Statistikk
- Tabellar/figurar/kart
- Planar/dokument m.m.

Oversikt over nye og endra statlege styringssignal retta mot kommunane er tilgjengeleg på Fylkesmannens heimeside <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/> Møre og Romsdal fylkeskommune har utarbeidd ein “statistikkpakke” til kvar kommune med tilrettelagt informasjon om utvalte utviklingstrekk for kvar kommune i fylket, og spesielt utvikla med tanke på kommunane sitt planarbeid: <http://mrfylke.no/kommunestatistikk>

Fylkesstatistikk for Møre og Romsdal, RISS og TEMP er andre publikasjonar frå fylkeskommunen som kan vere tenleg som kunnskapsgrunnlag til planarbeidet <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser>

1.2 Kort om Fylkesmannens rolle og funksjon, med søkelys på dialog og samarbeid med kommunane

Fylkesmannen er Kongen og Regjeringa sin fremste representant i fylket og utfører mange og svært allsidige forvaltningsoppgåver for staten (dei ulike departementa).

Oppgåvene er grovt sett tredelte:

- å setje i verk Regjeringa/Stortinget sin politikk ute i kommunane/fylkeskommunen
- å samordne staten sin politikk/verksemd mot kommunane
- å passe på at innbyggjarane får den rettstryggleiken dei har krav på

Fylkesmannen har både reine fagoppgåver (for fagdepartement /direktorat) og meir generelle/samordna statsoppgåver. Alle oppgåvene er i det vesentlege retta mot kommunane i fylket:

- formidling av statlege styringssignal
- fordeling av statlege tilskottsordningar
- klagesaksbehandling over kommunale og fylkeskommunale vedtak etter div. særlover
- tilsyn etter div. særlover

Fylkesmannen har oppgåver innanfor fleire fag- og forvaltningsområde

- miljø
- landbruk
- oppvekst og utdanning
- helse og sosial
- planlegging og byggesak
- kommunal organisering og tenesteyting

Fylkesmannsinstruksen har meir om oppgåvene til embetet

<http://www.regjeringen.no/n/dep/fad/dokument/proposisjonar-og-meldingar/Odelstingsproposisjonar/20002001/otprp-nr-84-2000-2001-.html?id=123802>


1.3 Forankring i strategiplanen for FMMR og i embetsoppdraget

Lodve Solholm er fylkesmann i Møre og Romsdal frå 01.10.2009. Fylkesmannsembetet i Møre og Romsdal har ca 130 tilsette er lokalisert i Fylkeshuset i Molde. Embetet er organisert i fem fagavdelingar og ei stabseining.

Dei fem fagavdelingane er:

- kommunal- og beredskapsavdelinga
- helse- og sosialavdelinga
- landbruksavdelinga
- miljøvernavdelinga
- oppvekst- og utdanningsavdelinga

Organisasjonskart



Strategiplan 2012-2016

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har vedtatt ein eigen *Strategisk plan 2012 – 2016*; sjå <http://fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=59276&amid=3599318>

Strategiplanen er ei felles plattform som viser retning for arbeidet i planperioden. Planen skal ligge til grunn for det daglege arbeidet og verksemdplanar i avdelingane. Strategiplanen kan òg tene som nyttig informasjon til brukarar og samarbeidspartar, og vil vere ei viktig plattform i arbeidet med dei kommunevise kommunebilda.

Strategiplanen tar utgangspunkt i følgjande verdiar og visjonar:

- **Verdiar:** Rettferdig, Kompetent, Open og engasjert
- **Visjon:** Trygg framtid for folk og natur

Planen rettar vidare søkelys mot følgjande tre hovudmål:

- **Setje i verk statleg politikk** – omfattar formidling og iverksetting av statleg politikk og forventningar til kommunane på tvers av alle politikkområde.
- **Samordning** - omfattar samordning av statleg og kommunal forvaltning og medverknad til samarbeid mellom regionale statsetatar og andre regionale aktørar.
- **Retttstryggleik** – omfattar fremjing av retttstryggleik for einskildmenneske og fellesskap, med vekt på likeverd.

Embetsoppdraget er ei oversikt over Fylkesmannens totale oppgåveportefølje fordelt på dei ulike departementa; sjå <http://www.fylkesmannen.no/hovedEnkel.aspx?m=69600>

1.4 Fylkesmannen sine overordna prioriteringar og satsingar på tvers av fagavdelingane

Fylkesmannsinstruksen slår m.a. fast at Fylkesmannen skal:

- medverke til samordning, forenkling og effektivisering av den statlege verksemda i fylket
- arbeide for best muleg samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og den lokale statsforvaltninga
- bistå statlege etatar med behandlinga av spørsmål som blir tatt opp med kommunane eller fylkeskommunen

Fylkesmannens samordningsansvar gjeld tverrsektoriell samordning av statlege styringssignal retta mot kommunesektoren, og omfattar samordning mellom sektorar og mellom forvaltningsnivå.

Samordningsansvaret gjeld også i forhold til statlege etatar i fylket som er plassert utanfor fylkesmannsembetet, og som har eit oppfølgingsansvar overfor kommunesektoren

Det er ein føresetnad at fylkesmannsembetet i sin kontakt med kommunane opptre samordna, det vil seie at embetet skal framstå som ei samla eining på tvers av fagavdelingane.

Som eit ledd i dette vil det vere behov for ulike typar samordning:

- Gjennom **fagleg samordning** skal Fylkesmannen samordne enkeltsektorar og søke løysingar som kan ligge i skjæringspunktet mellom ulike sektorinteresser
- Gjennom **kommunesamordning** blir styringssignal samordna for å sikre lokalt handlingsrom og samsvar mellom oppgåver og økonomisk rammer

Fylkesmannen sin kommuneretta samordningsaktivitet er forankra i statens overordna mål for styring av kommunesektoren; jf. omgrepa *rammestyring og lokal handlefridom*.

Kommunen skal fungere i spenningsfeltet mellom lokalsamfunnets behov for å styre eiga utvikling og statens behov for å implementere nasjonal politikk på lokalt nivå og med lokal medverknad. Kommunen skal altså kunne ivareta både ein sjølvstyrefunksjon og ein forvaltningsfunksjon. Kommunen sine muligheter til å gjere lokale politiske prioriteringar er eit sentralt mål for fylkesmannens samordningsverksemd. Den kommunale handlefridomen skal også sikrast ved at summen av oppgåvene den enkelte kommune blir pålagt ikkje skal overstige ressursane.

Det er særleg viktig at mål og prinsipp for kommuneretta samordning blir lagt til grunn i samband med Fylkesmannens verksemd på følgjande tema-/saksområde – og også i forhold til koplingar mellom desse:

- samordning av enkeltsaker
- kommunal økonomi
- tildeling av skjønstilskot
- medverknad til kommunal planlegging
- kommunale organisasjonsspørsmål
- omstilling i kommunane

1.5 Kort om Kristiansund kommune

- Besøksadresse: Langveien 19; Kristiansund
- Postadresse: Postboks 178, 6501 Kristiansund
- E-post: postmottak@kristiansund.kommune.no
- Telefon: 71 57 40 00
- Kommunens heimeside:
 - <http://www.kristiansund.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=1573&AId=1>
 - Årsrapport 2012 for Kristiansund kommune
<http://www.kristiansund.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=1575&FilId=3277>
 - Årsrapport 2012 for Kristiansund kommune; *innbyggerversjon*
http://issuu.com/kermitt/docs/krsundkommune_aarsrap2012_innbygger?e=5014974/2297874
 - Meir om kommunale planar og rapportar:

- Kommunal planstrategi 2012 – 2015
<http://www.kristiansund.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=1576&FilId=3110>
- Kommuneplanens samfunnsdel
<http://www.kristiansund.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=1587&FilId=747>

Kommunen som samfunn

Kristiansund kommune er både ei by- og landkommune. Kommunen fekk sine noverande grenser i 2008 da Kristiansund og Frei blei slått saman til ein kommune.

Kristiansund er regionsenter på Nordmøre. Kristiansund kommune hadde pr. 31.12.2012 24131 innbyggjarar. Kommunen har dei siste åra hatt auke i folketalet. Innvandring er den viktigaste enkeltfaktoren til folketalesveksten. Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen har færre unge enn landsgjennomsnittet, medan talet på eldre ligg høgare.

Kommunen som organisasjon

Politisk organisering

Bystyret i Kristiansund har 45 representantar. I tillegg til Kontrollutvalet og Formannskapet (11 medlemmer) er det etablert fire hovudutval. Dette omfattar hovudutval for

- Skule, barnehage og kultur
- Helse, omsorg og sosial
- Miljø og tekniske tenester
- Plan- og bygningsråd

Det er vidare oppretta ei rekke styre, nemnder, råd og utval.

For meir om politikk og lokaldemokrati i kommunen; sjå

<http://www.kristiansund.kommune.no/Egendefinert.aspx?MId1=1623&EDef=8&MId2=1653>

Administrativ organisering

Kommunens strategiske leiargruppe omfattar rådmannen tre kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef. Leiargruppa har ansvaret for den heilskaplege drifta av kommunen.

Kommunen har 23 tenesteeiningar. I tillegg kjem interne støttefunksjonar.

For meir om administrativ organisering og kommunal tenesteproduksjon; sjå

<http://www.kristiansund.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=1664&AId=208>

Kap. 2 – Regional og kommunal samfunnsutvikling - plansamordning

- *Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringer på fagområdet*
- *Kommuneplanlegging som politisk og administrativt styringsverktøy*
- *Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak*

2.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringer på fagområdet

Med utgangspunkt i viktige regionale og kommunale utviklingstrekk blir søkelyset i det følgjande retta mot kommunen si rolle som samfunnsutviklar og som tenesteleverandør. Kommunal planlegging vil i tråd med dette vere eit viktig utviklings- og styringsverktøy.

Fylkesmannen har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova (pbl). Ei viktig oppgåve i planprosessar er å formidle nasjonal politikk innanfor viktige fagområde, der arealpolitikk og miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. Fylkesmannen skal sjå til at nasjonale og regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet, og elles også sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk. Vidare har Fylkesmannen ansvar for behandling av klager på kommunale vedtak i plan- og byggesaker etter lova. Fylkesmannen har og rolle som meklar i plansaker der det ligg føre motsegn.

Dei 36 kommunane i Møre og Romsdal viser stor variasjonsbreidd i forhold til demografi og busettingsmønster, næringsliv og økonomi, natur- og ressursgrunnlag, transport og samferdsel; sosiale og kulturelle forhold osv. Fylkeskommunen har eit overordna ansvar for regionalt samarbeid, regional utvikling og regional planlegging i dialog med kommunar og andre offentlege, frivillige og private aktørar. Viktig informasjon om Møre og Romsdal er samla i Fylkesstatistikk 2012, og vil kunne inngå som eit viktig arbeidsverktøy for kommunane, næringslivet og andre som har behov for oppdatert statistikk i sitt arbeid; sjå <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Fylkesstatistikk> *Regional planstrategi 2012 – 2016* gjer nærare greie for viktige utviklingstrekk og hovudutfordringar i fylket, og inneheld oversyn over korleis dei prioriterte planoppgåvene skal følgjast opp vidare; sjå <https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regional-planstrategi/Regional-planstrategi-2012-2016> Eit viktig mål med planstrategiarbeidet er å avklare regionale utfordringar og moglegheiter, samt prioritere viktige område for regional samhandling og planlegging i planperioden. Planstrategien skal også ivareta nasjonale forventningar og prioriteringar. Gjennom dette vil det kunne leggest til rette eit tettare samarbeid mellom Fylkesmannen, regional statsforvaltning og fylkeskommunen om regional planlegging. Det kan også inngå som eit meir forpliktande styringsverktøy for å sjå utfordringar i fylket på tvers av kommunegrenser, forvaltningsnivå og sektorar. Vidare kan viktige satsingsområde og prioriteringar nedfelt i den regionale planstrategien vere med å opne opp for regionale tilpassingar knytt til Fylkesmannens embetsoppdrag.

Fylkeskommunen skal utarbeide regionale planar for dei spørsmåla som er fastsette i den regionale planstrategien. Regionale planar kan gjelde for heile regionen, delar av regionen eller vere tematiske. Eit planspørsmål som har verknad for fleire kommunar er i utgangspunktet eit aktuelt tema for ein regional plan. Fylkesplanen er arena for samarbeid om langsiktig og strategisk planlegging i regionen. Med *Fylkesplan 2013-2016* <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan/Fylkesplan-2013-20162> er søkelyset retta mot 4 prioriterte satsingsområde; *Kultur, Kompetanse, Verdiskaping og Samferdsel* - og 6 gjennomgåande perspektiv; *Barn og unge, Folkehelse, Universell utforming, Likestilling og inkludering, Internasjonalisering og Miljø og klima*.

2.2 Kommuneplanlegging som politisk og administrativt styringsverktøy

Den kommunale planlegginga skal etter plan- og bygningslova samordne både den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga. Kommunal planlegging er i lys av dette eit viktig verktøy for utvikling og styring både av kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon.

Regional og kommunal planstrategi

Regional og kommunal planstrategi er innført som nye verktøy i plan- og bygningslova (pbl 2008). I samsvar med pbl § 10-1 skal er kommunane pålagt å utarbeide ein kommunal planstrategi i kvar kommunestyreperiode, og seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyret. Formålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Fylkestinget skal i løpet av den same perioden vedta ein regional planstrategi som skal avklare dei regionale planbehova. Fylkeskommunen bør i samarbeid med kommunane her legge opp til eit opplegg som sikrar samordning. Arbeidet med den kommunale planstrategien vil også kunne rette søkelys mot ei nærare drøfting og avklaring av behovet for interkommunalt samarbeid.

Nasjonale forventningar

Viktige føringar for arbeidet med regional og kommunal planstrategi er forankra i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedtatt av regjeringa 24.06.2011

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/veiledninger/2011/nasjonale-forventninger.html?id=649923>

Forventningsdokumentet omfattar seks hovudtema:

- Klima og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskapning og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Eit viktig prinsipp i den nye plan- og bygningslova (pbl 2008) er ei sterkare kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Samfunnsdelen vil med utgangspunkt i den kommunale planstrategien gi overordna mål og føringar for utvikling av kommunen som samfunn og organisasjon. Dette dannar utgangspunkt for arealdelen som i neste omgang gir retning og rammer for den vidare fysiske detaljplanlegginga gjennom område- eller detaljregulering.

Kommuneplanen vil også etter behov gi grunnlag for utarbeiding av kommunedelplanar for bestemte område, tema eller verksemdsområde i kommunen. Kommuneplanarbeidet heng også tett saman med andre planprosessar, styringssystem og rapporteringsverktøy i kommunen. Utfordringa for mange kommunar er å utvikle kommuneplansystemet til eit integrert og heilskapleg styringsverktøy for administrative og politiske vurderingar og prioriteringar. Arbeidet med den kommunale planstrategien vil her kunne inngå som eit viktig grep.

Gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar ser vi også at kommunane i sterkare grad har retta søkelyset mot ei meir systematisk, tverrsektoriell og langsiktig planleggingstenking. Dette ser vi m.a. i forhold til folkehelse og levekår. Med den nye Folkehelselova og med Samhandlingsreforma har kommunane m.a. fått eit større ansvar knytt til førebyggjande folkehelsearbeid. Folkehelse og levekår vil slik kunne løftast opp og inngå som eit gjennomgåande perspektiv i den kommunale planlegginga.

Fylkesmannen sine fokusområde

- Kommunal planlegging som verktøy og rammeverk
 - Kommuneplansystemet etter plan- og bygningslova
 - Nasjonale og regionale føringar
 - Kommunal planstrategi
 - Kommuneplan med samfunnsdel og arealdel

- Aktuelle temaområde for høyringsuttale frå Fylkesmannen i kommunale plansaker
 - Planfaglege merknader; prosess og produkt
 - Natur- og miljøvern; landskap, friluftsliv, strandsone, viltinteresser, vegetasjon
 - Landbruk; jordvern, skogbruk, aktivt landbruk
 - Samfunnstryggleik; ROS-analyse
 - Barn og unge; Oppvekstmiljø, leikeplassar, trafikksikring
 - Universell utforming; tilrettelegging, inkludering, deltaking
 - Folkehelse; levekår, nærmiljø

- Fylkesmannen har eit særleg ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og følgd opp i behandling av kommunale og regionale planar
 - legge auka vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet

- formidle tidleg og aktivt dei nasjonale forventningane og nasjonal politikk i den regionale og kommunale planlegginga
- motsegn skal om nødvendig brukast for å sikre at kommunane ikkje vedtar planar i strid med nasjonale og regionale interesser og for å få fram gode løysingar.

Fylkesmannen sitt bilde:

- Kommunen har utarbeidd kommunal planstrategi. *Planstrategi for Kristiansund kommune 2011 – 2015* vart vedtatt av bystyret i september 2012. Planstrategien peikar på at fleire større plan- og utviklingsprosjekt vil bli igangsett. Dette omfattar m.a. utarbeiding av ny **Sentrumsplan** (rullering av tidlegare kommunedelplan for Kristiansund sentrum) og **Bypakke Kristiansund** i samarbeid med Statens vegvesen for å løyse trafikk-, miljø- og sikkerhetsutfordringar knytt til innfartsvegen.
- Kommuneplanens samfunnsdel for 2008-2020 vart vedtatt i 2008, og er seinare revidert i 2012. Kommuneplanens arealdel for 2009 – 2020 vart vedtatt i 2011.

Meir om aktuelle plandokument

Kristiansund kommune har i 2012 utarbeidd *Kommunal planstrategi*. Med utgangspunkt i viktige nasjonale og regionale utviklingstrekk og føringar har planstrategiarbeidet retta søkelys mot kommunen sine egne utfordringar og planbehov. I samband med dette er det med referanse til kommuneplanens samfunnsdel m.a. gjort nærare greie for mål og strategiar knytt til:

- Kristiansund som regionsenter
- Næringsutvikling
- Samferdsel
- Idrett- kultur – omdøme – identitet
- Befolkning og levekår
- Kompetanse
- By- og arealutvikling

Planstrategi 2012 – 2015 for Kristiansund kommune vart vedtatt i bystyret 25.09.2012. For meir om dette; sjå kommunen si heimeside på

<http://www.kristiansund.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=1576&FilId=3110>

Fylkesmannen har hatt *Planstrategi 2012 – 2015* på høyring; jf. Sak 12/7542. På kommunen sine heimesider fins elles ein nærare presentasjon av kommunens overordna planar; jf. kommuneplanens samfunnsdel

<http://www.kristiansund.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=1575&FilId=747> og

planomtale knytt til kommuneplanens arealdel

<http://www.kristiansund.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=1575&FilId=2248>

I seinare revisjon av kommuneplanens arealdel er det utarbeidd vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn knytt til nye område som er tatt inn i planen; sjå m.a.

<http://www.kristiansund.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=1575&FilId=2247>

Det er lagt opp til opne planprosessar med vekt på aktiv deltaking og medverknad frå ulike interessegrupper og enkeltpersonar. På kommunens heimeside er det gjort nærare greie for arbeid med aktuelle planar og utviklingsprosjekt; jf.

<http://www.kristiansund.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=1587&AId=515>

Dialogpunkt

Korleis arbeider Kristiansund kommune med oppfølging av sin planstrategi ?

Kap. 3 – Kommunal- og beredskap

- *Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet*
- *Økonomi og økonomistyring*
- *Samfunnstryggleik og beredskap*
- *Interkommunalt samarbeid*
- *Klagesaker etter plan- og bygningslova*
- *Verjemål*
- *Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak*

3.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet

Fylkesmannen er det sentrale samordningsorganet overfor kommunane på regionalt nivå. Fylkesmannen har ansvar for å medverke med kunnskap om bruk av lover og gi rettleiing om generell saksbehandling i kommunane. I Fylkesmannen si formidling av statleg politikk overfor kommunane skal det gjerast nærare greie for om oppgåvene er lovpålagde eller om dei er av rådgivande eller rettleiande karakter. Fylkesmannen har eit særleg ansvar for å orientere om det økonomiske opplegget for kommunesektoren og rettleie kommunane i økonomisk planlegging og forvaltning. Fylkesmannen har også ei viktig oppgåve knytt til lokal omstilling og fornying i kommunesektoren.

3.2 Økonomi og økonomistyring

Fylkesmannen skal gi kommunane råd og rettleiing i økonomiforvaltninga, blant anna i regelverk, inntektssystem og statsbudsjettet.

Fylkesmannen tildeler kvart år skjønnsmidlar for å kompensere forhold som ikkje blir fanga opp i inntektssystemet. Fylkesmannen tildeler også skjønnsmidlar til omstillings- og fornyingsprosjekt.

Fylkesmannen fører kontroll med kommunen sine budsjett, økonomiplan og rekneskap, blant anna med omsyn til inn- og utmelding av ROBEK

Fylkesmannen sine fokusområde:

- *Økonomisk status*
 - Underskot og Robek
 - Driftsresultat
 - Finans og lånegjeld
 - Netto driftsresultat og økonomiske bufferar
- *Økonomisk utvikling*
 - Budsjett
 - Økonomiplan

Fylkesmannen sitt bilde:

Underskot og Robek

- Kristiansund kommune blei meldt ut av Robek i 2012.
- Rekneskapet viser at Kristiansund kommune fortsatt har økonomiske utfordringar knytt til den kommunale tenesteproduksjonen. Det går fram av regnskapet at den kommunale drifta har eit netto meirforbruk på 17,4 mill kroner. Dette er ei svekking av resultat på 12,3 mill kr frå 2011 og det alvorlege i situasjonen er kanskje særleg at meirforbruket korrigert for momskompensasjon og premieavvik er ca 29,9 mill kr. Det vil vere nødvendig å foreta tilpassingar i åra framover som gir fullt ut samsvar mellom kommunens inntekter og utgifter.

Driftsresultat

- Kristiansund kommune har eit høgt driftsnivå i forhold til ramma driftsinntektene gir. Brutto driftsresultat for kommunekassa har vore negativt det siste året.

Finans og lånegjeld

- Kristiansund kommune har dei siste åra redusert lånegjelda gradvis. Ved utgangen av 2012 var netto lånegjeld 71,4 pst av brutto driftsinntekt på konsernnivå. Til samanlikning er landsgjennomsnittet på 73,2 pst. Høg lånegjeld gjer at kommunen er sårbar ved rask renteheving.

Netto driftsresultat og økonomisk buffer

- Den nasjonale anbefalinga er at netto driftsresultat er på minst tre pst av brutto driftsinntekt over tid for at kommunen sin formue skal ivaretaast. Netto driftsresultat er den viktigaste indikatoren for korleis den økonomiske situasjonen i kommunen er. I 2012 hadde Kristiansund et netto driftsresultat på -1,0 prosent.
- Kristiansund kommune betalar nær minimumsavdrag.
- Kommunen har ikkje disposisjonsfond av nemneverdig storleik (1,7 % av Brutto driftsinntekter).
- At kommunen ikkje har økonomisk buffer er eit symptom på ein stram økonomisk situasjon. Utan økonomisk buffer er kommunen i ein sårbar situasjon for underskot.

Budsjett og økonomiplan 2013 til 2016

- Kommunen aukar eigedomsskatten med 4,2 millionar årleg i budsjett og økonomiplanperioden og den kan avsettast som buffer i driftsbudsjettet.
- Budsjetterte rammetilskot er noko høgare enn prognosen i statsbudsjettet. At kommunen er i ein stram økonomisk situasjon gir ekstra grunn til å vere forsiktig med å auke inntektsanslaget utover forutsetningane i statsbudsjettet.
- Symptoma på at kommunen er i ein svak økonomisk stilling går igjen i budsjettet: Kommunen budsjetterer med lavt netto driftsresultat, det er lite rom for avsetningar av frie midlar og kommunen budsjetterer med nært minimumsavdrag. Til sist er

kommunen avhengig av å få budsjettet utbytte for å få balanse i regnskapet. Det same gjeld for økonomiplanen.

- Kommunen vil med investeringsprogrammet i økonomiplanen redusere lånegjelda i 2013, men den vil igjen auke i 2014 og 2015. Dagens rentenivå er lågt, og det bør konsekvensutredas kva for utfordringar eit høgare rentenivå vil vere for tenesteproduksjonen.

Dialogpunkt

- Korleis er den økonomiske utviklinga så langt i 2013?
- Kva planar har kommunen for å gjenvinne det økonomiske handlingsrommet?

3.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunane har eit generelt og grunnleggande ansvar for å ivareta tryggleiken til eigne innbyggjarar og andre som oppheld seg i kommunen. Alle uønska hendingar skjer i ein kommune, og kommunane har ei vesentleg rolle i alt beredskapsarbeid.

Fylkesmannen sine fokusområde:

Kriser og katastrofar gir lokalsamfunnet utfordringar, og mange oppgåver er lagde til kommunane. Kommunane skal sikre god oversikt over risiko og sårbarheit, vere drivkraft for godt førebyggjande arbeid og ha nødvendig beredskap og handteringsevne. Under kriser og katastrofar skal kommunen iverksette tiltak for å verne innbyggjarane og oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar. God kommunal beredskap er ein grunnleggande føresetnad for god nasjonal beredskap.

I 2013 er Fylkesmannen særleg oppteken av at kommunane følgjer opp krava gitt i *Sivilbeskyttelseslova (2010)* og *Forskrift om kommunal beredskapsplikt (2011)*. For kommunar som ikkje har utarbeidd heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med nye krav, bør dette arbeidet ha høgst prioritet.

Fylkesmannen sitt bilde :

Kristiansund kommune si krisehandteringsevne har fleire gonger blitt sett på prøve. Nyttårsorkanen i 1992 sette Kristiansund kommune i ein ekstrem situasjon som få, om nokon norske kommunar har opplevd i moderne tid. Straum- og telekommunikasjonsbrot i fleire dagar utgjorde den klart største utfordringa. Både kommunen og lokalsamfunnet handterte situasjonen på ein god måte. Det begynner å bli nokre år sidan nyttårsorkanen, men kollektive erfaringar med at

ting verkeleg kan skru seg til – og at god innsats kan gjere ein skilnad, er alltid ein styrke for beredskapsorganisasjonar.

I seinare år har kommunen også opplevd andre alvorlege hendingar: drukningsulykka i Karihola og evakuerinnga av Floatel Superior på Haltenbanken – blant anna. Kommunen var også blant dei sterkast berørte etter terroråtaka 22. juli 2011.

Det er Fylkesmannen sitt klare inntrykk at Kristiansund kommune har handtert dei ekstraordinære situasjonane som har oppstått på ein god måte.

Kommunen sitt **forbetringspotensial** ligg i utarbeiding av gode styringsdokument for samfunnstryggleik og beredskap, risiko- og sårbarheitsanalysar og revisjon av beredskapsplanverk.

Fylkesmannen har ikkje ført tilsyn med beredskapsarbeidet i kommunen sidan 2004, og vi har derfor ikkje eit presist bilde av status når det gjeld alle styringsdokument, ROS-analysar og beredskapsplanverk. Men ut frå 2012-revisjonen av kommunenplanen sin samfunnsdel og den løpande dialogen vi har med kommunen, kan vi konstatere at kommunen ikkje har utarbeidd heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Likevel: Dei same kjeldene stadfestar at dette arbeidet er iverksett. Bystyret har vedtatt rammeplan for heilskapleg ROS-analyse og revisjon av kommunen sin beredskapsplan. Arbeidet med ROS-analyse er lagt inn som eit delmål i det interkommunale beredskapsprosjektet der Kristiansund er vertskapskommune og der dei fleste andre nordmørskommunane og Molde også deltek.

Fylkesmannen ser svært positivt på kommunen sitt initiativ til interkommunalt beredskapssamarbeid. Kristiansund kommune har gjennom kompetanse, erfaringar, lokalisering av samarbeidspartnerar og naturleg tyngde i regionen alle føresetnader for å etablere seg som eit endå tydelegare tyngdepunkt for godt beredskapsarbeid.

Vi vil likevel minne om at kommunen har eit sjølvstendig ansvar for sjølv å imøtekome kravet om ein heilskapleg ROS-analyse for Kristiansund kommune. I eit større prosjekt – med mange deltakarar og delmål, ser vi ein viss risiko for at dette arbeidet kan drukne. **Etter vår vurdering er ferdigstilling av ein heilskapleg ROS-analyse så viktig for Kristiansund kommune, at kommunen bør ha særskilt merksemd mot dette.**

Dialogpunkt

- Kor langt er kommunen komen, og korleis vurderer kommunen det attståande arbeidet med ein heilskaplege ROS-analyse for Kristiansund kommune?
- Kva tenkjer kommunen om potensialet for å etablere seg som eit endå tydelegare tyngdepunkt for kommunalt beredskapsarbeid?

3.4 Interkommunalt samarbeid

Fylkesmannen sine fokusområde:

- Alle kommunane skal ha like føresetnader til å yte gode tenester til innbyggjarane gjennom kompetente og robuste fagmiljø og faste kommunesamarbeidsordningar som òg ivaretar lokaldemokratiet
- Fornyng og utvikling av tenestene med vekt på både lokaldemokrati og kvalitet og effektivitet

Gjennom regionrådet ORKidè har 11 kommunar på Nordmøre, med Kristiansund som motor, fleire interkommunale samarbeid etablert og på gang. ORKidè vart etablert i 1990. IKT, breiband og innkjøp er saker der ORKidè tidleg var i front, og som har betydd mykje for effektivisering av tenesteproduksjonen. Dei tre store bykommunane i vårt fylke har ei viktig rolle som pådrivar i interkommunalt samarbeid.

Fylkesmannen har saman med KS i Møre og Romsdal gjort en avtale med NIVI analyse AS om kartlegging av alt interkommunalt samarbeid som kommunane i Møre og Romsdal deltek i. Denne rapporten vil bli framlagt på KS sin haustkonferanse 30. oktober 2013.

Fylkesmannens bilde:

Kristiansund kommune er, og har vore, ein pådrivar for interkommunalt samarbeid med kommunane på Nordmøre.

Dialogpunkt

Kva haldning har kommunen til vidareutvikling av interkommunalt samarbeid sett opp i mot behovet for kommunesamanslåingar ?

3.5 Klagesaker etter plan- og bygningslova

Fylkesmannen sitt bilde:

Siste års klagesaker, viser at kvaliteten på Kristiansund kommune sine vedtak ser ut til å ha gått ned i 2012. Fylkesmannen oppheva over 50 % av kommunen sine vedtak i 2012. Til samanlikning ligg opphevingsprosenten for kommunane Molde og Ålesund litt over 10%.

Fylkesmannen ser med bekymring på at det sviktar på grunnleggande ting . Ofte vert det gjeve byggeløyve til tiltak som er avhengig av dispensasjon, utan at spørsmålet om dispensasjon er vurdert. Hittil i år har Fylkesmannen oppheva to vedtak av denne årsaken.

I dei tilfella kommunen gjer ei dispensasjonsvurdering er desse i hovudsak gode, sjølv om kommunen kan bli noko betre til å peike på dei konkrete fordelane og ulempene som gjer seg gjeldande i den aktuelle saka. Fylkesmannen meiner elles at kommunen sine vedtak er oversiktlege, og at klagebehandlinga i hovudsak er grundig med ein punktvis gjennomgang av dei enkelte klagegrunnane.

I den seinare tid har kommunen send over nokre saker til Fylkesmannen for vurdering av utsett iverksetting, før kommunen sjølv har tatt stilling til klagen. Ein slik praksis vil kunne føre til unødvendig dobbeltbehandling av saker, samtidig som Fylkesmannen må ta stilling til ei sak før ein kjenner utfallet av kommunen si klagebehandling. Spørsmålet om utsett iverksetting bør vurderast samtidig med kommunen si klagebehandling.

Ut frå mottekne klagesaker ser det ut til at kommunen har aukande fokus på å følgje opp ulovlege tiltak etter plan- og bygningslova. Dette er klart positivt.

Fylkesmannen har i fleire tilfelle vorte kontakta, både per brev og telefon, om at publikum ikkje får svar/tilbakemelding frå kommunen etter gjentekne førespurnader. Det er også eit inntrykk herifrå at det kan vere vanskeleg å kome i kontakt med saksbehandlarar i kommunen. Fylkesmannen har ikkje grunnlag for å seie om dette er eit gjennomgåande problem, men ber om at kommunen er merksam på dette, da det er viktig for innbyggjarane sin tillit til forvaltninga at ein når fram til styresmaktene i ein pågåande sak.

Dialogpunkt

- Kva grep tar kommunen for å betre byggesaksbehandlinga?
- Kva gjer kommunen gjere for å bli meir tilgjengeleg for publikum når det gjeld svar på søknader inne plan og byggesak ?

3.6 Vergemål

Ny vergemålslov blei vedtatt 11. mars 2010 og skal ivareta betre rettstryggleik og integritet for personar under vergemål. Lova gir Norge eit nytt regelverk på vergemålsområdet. Den nye vergemålslova vart sett i verk frå 1. juli 2013, saman med tilhøyrande forskrift og tilknytte endringar i andre lover. Etter den nye lova fungererer Fylkesmannen som lokal vergemålsmyndighet.

Fylkesmannen sine fokusområde:

Kommunen skal levere rekneskap for 2012 og for fyrste halvår 2013.

Fylkesmannen sitt bilde:

Kommunen har nytta ein advokat som fast formann for overformynderiet. Fylkesmannen har inntrykk av at dette har vore ei god ordning, og at kommunens oppgåver har vore godt tatt i vare.

Kap. 4 – Helse og sosial

- *Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet*
- *Kommunehelse*
- *Pleie og omsorg*
- *Sosialtenesta*
- *Barnevern*
- *Psykisk helsearbeid*
- *Gjennomføring av helsehjelp med tvang*
- *Rettstryggleik*
- *Rusfeltet*
- *Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak*

4.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet

Denne delen omhandlar Fylkesmannen sitt inntrykk av status og utfordringar for kommunen knytt til folkehelse, velferdsproduksjon og kommunal tenesteyting retta mot pleie og omsorgsoppgåver i vid forstand. Fylkesmannen skal verkeleggjere regjeringa sine mål for sosial- og familiepolitikken saman med kommunane. Dette gjer vi gjennom å rettleie, gje opplæring og samarbeid.

Vårt generelle inntrykk er at Kristiansund kommune er ein aktiv og innovativ kommune som engasjerer seg på mange av «våre» fagfelt. Kommunen viser stor evne til å legge planar ut frå behov og søke om prosjektstøtte frå ulike hald. På denne måten har kommunen utvikla mange dyktige fagpersonar, og gjort mykje godt utviklingsarbeid. Kommunen har også engasjert seg i å spreie sine erfaringar til andre kommunar, og er ein positiv samarbeidspart for Fylkesmannen.

Utfordringa er, slik vi ser det å følgje opp, kontrollere og korrigere dei tiltaka som blir sett i verk. Dersom engasjementet skal føre til kvalitet i heile sektoren og tenestetilbodet for befolkninga, må kommunen ikkje berre drive eit godt utviklingsarbeid, men også følgje opp og korrigere eksisterande verksemd. Til dømes må feil som blir påpeika føre til kritisk gjennomgang og endring i den aktuelle eininga, men også i andre deler av kommunens tenester.

Vi ser det som viktig at kommunen er bevisst ansvaret for styring når det gjeld både kortsiktige og langsiktige mål, i samsvar med endringar i behov gjennom kommunens styringssløyfe.

Kommunen har tilgang til og har brukt KS verktøyet "Bedre kommune" i brukarundersøking i institusjon og somatisk heimeteneste og i tiltak for funksjonshemma i 2011. Det blir ikkje gjennomført systematiske brukarundersøkingar.

Fylkesmannens bilde:

Kristiansund kommune er ein aktiv og innovativ kommune som engasjerer seg på mange av «våre» fagfelt. Men vi ser det som viktig at kommunen er bevisst ansvaret for styring når det gjeld både kortsiktige og langsiktige mål, i samsvar med endringar i behov gjennom kommunens styringsløyfe.

Dialogpunkt

Korleis vil kommunen arbeide for å sikre jamleg kontroll og korrigering av alle dei gode tiltaka som blir sett i verk?

4.2 Kommnehelse

Frisklivssentral

Kristiansund kommune har totalt fått kr. 275 000 til etablering og utvikling av frisklivssentral (200 000 i 2011 frå Møre og Romsdal fylkeskommune og 75 000 frå Fylkesmannen i 2013). Kommunen har i samarbeid med lærings- og mestringssenteret i Helse Møre og Romsdal gjennomført planlegging av frisklivssentral i Kristiansund, og bystyret har vedteke etablering av frisklivssentral med innlagte driftsmidlar i økonomiplanperioden 2013-2016.

Rask psykisk helsehjelp

Kristiansund kommune fekk 1,7 mill. kroner i tilskot til Rask psykisk helsehjelp. (Berre tolv kommunar i landet fikk av desse midlane, to av desse i M&R.) Formålet med tilskotet til etablering av Rask Psykisk Helsehjelp er utprøving og implementering av eit kommunalt behandlingstilbod for menneske med lettare- og moderat angst og depresjon. I Kristiansund er frisklivssentral og Rask psykisk helsehjelp samlokalisert.

Aktiv på dagtid

Aktiv på dagtid er tilrettelagt fysisk aktivitetstilbod. Målgruppa er alle mellom 18 og 67 år som har ei eller anna form for trygd eller sosial stønad. I Kristiansund har interessa for tilbodet vore aukande. Kommunen samarbeider med frivillige lag og organisasjonar om tilbodet.

Helsestasjonsteneste og helseteneste i skolen

Kristiansund har to helsestasjoner for foreldre og barn og ein helsestasjon for ungdom. Det har vore arbeidd med å få etablert «familiens hus», for å samordne og samlokalisere tenester for barn og familiar. Dette er ikkje gjennomført. Kommunen har etablert «Samba» (saman om barna) som er et tverrfaglig team for samarbeid om barna i aldersgruppa 0-12 år.

Etter det Fylkesmannen er kjent med er helsetenester i vidaregåande skule den største utfordringa innan denne delen av førebyggjande helsetenester. Fråfall i vidaregåande skule i Kristiansund er 29 %, som er høgt sett i forhold til gjennomsnitt i fylket på 22 %. I Molde og Ålesund er tala 16 % og 23 %. (Kilde: folkehelseprofiler 2013) Helsetenester i skolen har ei viktig rolle for å førebygge psykiske plager og lidingar, rusmisbruk, spiseforstyring, utvikling

av overvekt og å fange opp tidlege signalar på vantrivsel, utviklingsavvik m.m. Helsetenester i skulen skal avdekke og intervensere tidleg, samt sørge for iverksetting av tiltak eller tilvising. Eit tett samarbeid mellom skule og helseteneste er nødvendig for å kunne jobbe førebyggjande på eit tidleg stadium for å bevare oppvekstmiljøet.

Fylkesmannen har ikkje hatt tilsyn med helsestasjon- og skulehelsetenesta på fleire år, og er ikkje kjent med kvaliteten på områda.

Fylkesmannens bilde:

Helsetenester i vidaregåande skule den største utfordringa innan denne delen av førebyggjande helsetenester.

Dialogpunkt

Korleis vil kommunen arbeide for samhandling, kapasitet og kompetanse på det førebyggjande feltet, innan skulehelsetenester og friskliv?

4.3 Pleie og omsorg

Demensomsorga.

Nasjonale kartlegging av tilbodet til personer med demens 2010/2011 viste at Kristiansund kommune har gjennomført/etablert

- kompetansehevande tiltak som *Demensens ABC*
- pårørandeskule
- dagaktivitetstilbod til personer med demens
- skjerma eining
- bukollektiv

Fylkesmannen har sendt ut brev til alle kommunane for å følgje opp den enkelte kommune etter den nasjonale kartlegginga. Tilbakemeldinga frå Kristiansund kommune viser at kommunen har etablert stilling som demenskoordinator og etablert demensteam i 2012 og arbeider med å utvide tilboda. Fylkesmannen har bedt kommunen om å gjere greie for korleis kommunen løysar desse utfordringane, og om det er planar om å auke talet på dagaktivitetsplassar.

KOSTRA-tal:

Andel plasser i einarom i pleie- og omsorgsinstitusjonar

Eit sentralt politisk mål er at alle med langvarig opphald i institusjon, og som ønskjer det, skal få einarom. På bakgrunn av fleire medieoppslag om pasientar som får tilbod om to- og tresengsrom, har Fylkesmannen sett nærare på utviklinga i KOSTRA tal for einarom i sjukeheim.

Kristiansund har redusert prosentdelen plassar i einarom i pleie- og omsorgsinstitusjon, frå 95,8 til 87 %, dvs 8,8 % frå 2008 – 2012.

Fylkesmannen har motteke bekymringsmeldingar i forhold til fleirsengsrom i institusjonar.

Legetimar pr. uke pr. bebuar i sjukeheim har auka med 0,18 timer i perioden 2008- 2012, frå 0,27 til 0,45

Årsverk i brukarretta tenester m/fagutdanning

Det er eit mål for Kompetanseløftet 2015 i vårt fylke, at 90 prosent av tilsette i brukarretta pleie- og omsorgsteneste skal ha helse- og sosialfagleg utdanning. Det er eit ambisiøst mål, som krev felles initiativ frå både utdanningsinstitusjonar og kommunar. I Kristiansund kommune har det vore ei svak auke i andel årsverk

- i brukarretta tenester m/ fagutdanning 2008- 76 % - til 78 % i 2011
- i brukarretta teneste m/ fagutdanning fra VG skole 2008 - 44 % - til 45 % i 2011
- i brukarretta tenester m/ fagutdanning frå høgskole/universitet 2008 – 32 % - til 34 % i 2011

Andel årsverk utført av tilsette over 55 år har auka frå 18,3 % i 2008 til 25,5 % i 2011.

Kompetanse

Kristiansund kommune satsar på

- **Leiling:** Kristiansund kommune har satsa på Helsedirektoratet sin leiarutdanning «Lederutdanning helse og omsorg».
- **Helsefagarbeider:** Og det er 37 vaksne helsefagarbeidarar under utdanning
- Kommunen har oppretta rekrutteringspatrulje, for rekruttering til helsefagarbeid.

Utviklingscenter for sjukeheim

Kristiansund kommune har fylkets utviklingscenter for sjukeheim, Rokilde sykehjem. Kommunen har deltatt som pilotkommune i den nasjonale pasientsikkerhetskampanjen i temaet brukarmedverknad. I pilotperioden fokuserte dei på etablering av robuste strukturer for samarbeid og etablering av brukarråd på sjukeheimane i Kristiansund kommune.

Ernæring: Utviklingscenteret har jobba med ernæring i 2012. Utviklingscenteret har utvikla eit 2-timars undervisningsopplegg som nå blir spreidd i Kristiansund kommune. I 2013 har kommunen fått tilskot på kr. 700.000 frå Helsedirektoratet til et prosjekt for å utvikle ein bedriftsintern kunnskapspakke innan ernæring i omsorgstenestene.

Det er stor aktivitet og nært samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Eksempel: Omsorgskonferansen, demenskonferanse, aktiv omsorg, etisk kompetanseheving i kommunane, velferdsteknologi, nettverk for sjukeheimslegar, fagleg nettverk for pleie og omsorg og pasientsikkerhetskampanjen.

Kristiansund kommune er med i det Midt Norske velferdsteknologiprojektet.

Kommunen har hatt prosjekt om vandrealarm, som dei no har endra fokus til juridiske og etiske problemstillingar/ dilemma. Kommunen har fått midlar frå prosjektskjønn i 2013:

«**Våke**» : vegleiings- og refleksjonsverktøy for helsepersonell kr 400.000,-.

«**Vennligst forstyr**»: Utvikling av interaktive løysingar for brukarinvolvert tenesteutvikling kr 545 000,-.

Forebyggande arbeid for eldre:

I «Lyst på livet» arbeider pensjonistar med å fremme eiga helse og livskvalitet gjennom å påverke vanar og mønster i kvardagen.

Fylkesmannens bilde:

Kommunen har utfordringar knytt til kapasitet i pleie og omsorg, og tilbod til personar med demens.

Dialogpunkt

Korleis vil kommunane sikre nok institusjonsplassar og forsvarleg tilbod til personer med demens?

4.4 Sosialtenesta

Kristiansund kommune har høg andel fråfall i vidaregåande skule. Dette er ein faktor som utfordrar kommunen til å arbeide vidare med førebyggjande tiltak. Fylkesmannen har i fjor og i år stort fokus på opplæring i Lov om sosiale tenester, med tilhøyrande forskrifter og rundskriv. Vidare har Fylkesmannen landsomfattande tilsyn med Kvalifiseringsprogrammet i NAV Kristiansund hausten 2013.

HMT - Heilskapleg oppfølging av brukarar i NAV Kristiansund - nasjonalt forskingsprosjekt Arbeid- og velferdsdirektoratet sette i 2011 i gang forskingsprosjektet Heilskapleg Prinsippstyrt Metodisk Tilnærming (HPMT). Som eit av 9 NAV kontor i landet var NAV Ålesund med som tiltaks kontor. NAV Kristiansund deltek som ressurskontor, som vil seie at mange tilsette også har fått denne opplæringa og har eit samarbeid med direktoratet. HPMT-modellen kan bidra til: Felles omgrep og felles forståing for kontorets arbeidsprosessar, roller og oppgåver. Styrking av rettleiarane sine, metodiske ferdigheter i møte med brukarar og samarbeidspartnarar. Auka systematikk, betre effektivitet i forvaltningsarbeidet og oppfølging av brukarar. Forsøksperioden blei avslutta 01.07.13, men arbeidet blir vidareført førebels ut året.

Fruktbart samarbeid

Tidlegare Kristiansund sosialkontor og no NAV Kristiansund har i fleire år vore opptatt av fagutvikling (som har kome fleire kommunar til nytte) og samarbeidet med Fylkesmannen har vore godt i fleire år. Vi ønskjer å fortsette dette gode samarbeidet.

Fylkesmannens bilde:

Kommunen har spesielle utfordringar knytt til levekår og oppvekstmiljø.

Dialogpunkt

Korleis vil kommunen arbeide vidare for å førebygge sosiale utfordringar? Til dømes for å hindre fråfall i VG skule og å kvalifisere ungdom til arbeid?

4.5 Barnevern

Frå 1.1.2008 vart det etablert interkommunal barnevernsteneste for Kristiansund og Averøy kommunar, med Kristiansund som vertskommune. Barnevernstenesta er organisatorisk lagt til eininga Barn, familie og helse (BFH). Tenesta er organisert i to team: Team for mottak, undersøking og hjelpetiltak og Team for omsorgstiltak. Tenesta har totalt 23,5 årsverk fagstillingar og 1,9 årsverk merkantile stillingar.

Ifølge SSB var det ved utgangen av 2012 i alt 234 barn med barnevernstiltak i Kristiansund, av dei hadde 47 omsorgstiltak. Dette gir en andel på 3,5 og 0,7 prosent av barnebefolkninga. Tilsvarende tall for Møre og Romsdal er 3,1 og 0,6 – og i hele landet hadde 2,7 prosent av barna barnevernstiltak og 0,5 prosent hadde omsorgstiltak.

Fylkesmannen gjennomførte i 2013 tilsyn med barnevernet i Kristiansund (sak 2013/764).

Dette var del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn med tema:

Kommunens arbeid med oppfølging av barn i fosterheim. Tilsynet fokuserte på:

- Oppfølging og kontroll av barnets situasjon i fosterheimen
- Barnets medverknad
- Råd og vegleiing til fosterforeldra

Det blei avdekket følgjande avvik: Kommunen sikrar ikkje at barnevernstenestens arbeid med oppfølging av fosterbarn blir dokumentert i tilstrekkelig grad.

Kommunen er gitt frist til 23.8.2013 for å lage en plan for å rette på situasjonen.

Fylkesmannens bilde:

Kristiansund har ei relativt høg andel barn i barnevernstiltak.

Dialogpunkt

Korleis vil kommunen sikre god oppfølging av fosterbarn og tilstrekkelig dokumentasjon?

4.6 Psykisk helsearbeid

Organisering

Kommunen har organisert fagområda psykisk helse og rus under same leiing, og vidare organisering er under vurdering.

Bustader

Kommunen har vedteke eiga bustadsosial handlingsplan med eige bufellesskap (Tollåsenga) med 10 einingar. Midlar til drift er innvilga, men drift er ikkje starta. Kommunen har vore aktiv innan fagområdet Bustadsosialt arbeid (BS) over fleire år knytt til ulike prosjekt. Butilbod med tilhørande tenester i Dalagata har vore eit pionerprosjekt også på landsbasis. Siste tilskots-periode for BS arbeid var i 2012 (tenester knytt til småhusprosjekt og samlokaliserte bustader).

Kommunen er vertskommune for et ACT tilbod på Nordmøre. Dette i samarbeid med fleire Nordmørskommunar og Helse Nordmøre og Romsdal.

Utfordringar

Kommunen gir sjølv uttrykk for at dei har klare utviklingstrekk og aukande utfordringar knytt til ungdom under 18 år med psykiske helseplager.

Psykiatritenesta for heimebuande er ikkje styrka i vesentleg grad sidan Opptappingsplanen var slutt i 2008. På dette tidspunktet var også deler av dei øymerka midlane fordelt på sosiale tenester som seinare vart ein del av NAV (ca 5 årsverk). Det kan stillast spørsmål om målgruppa er tilgodesett med ressursar i tilstrekkelig grad.

Kristiansund er ein av 12 kommunar i landet som har mottatt tilskot knytt til etablering av *Rask psykisk helsehjelp* (1,7 mill.). Se 4.2. Det skal være eit tilbod til personar over 18 med lettare til moderate problem med angst og depresjon.

Fylkesmannens bilde:

Kommunen har klare utviklingstrekk og aukande utfordringar knytt til ungdom under 18 år med psykiske helseplager.

Dialogpunkt

Korleis vil kommunen arbeide med aukande utfordringar knytt til ungdom under 18 år med psykiske helseplager?

4.7 Gjennomføring av helsehjelp med tvang ovanfor pasientar som motsett seg (pasient- og brukarrettighetslova kap. 4A)

Fylkesmannen har mottatt berre 20 vedtak knytt til dette området i 2012 frå Kristiansund kommune (170 for hele fylket). Etter første halvår i 2013 har vi mottatt 11 vedtak (av 146 for hele fylket), som i all hovudsak gjeld pasientar med psykisk utviklingshemming. Vi har grunn til å tru at det er underrapportering på området med dei følger at ulovlig tvang blir utført. I beste fall kan det bety at tvang ikkje blir nytta. Et sentralt spørsmål er om regelverket i tilstrekkelig grad er kjent og tatt i bruk.

Fylkesmannens bilde:

Vi har grunn til å tru at det er underrapportering på gjennomføring av tvang.

Dialogpunkt

Kommunen har få vedtak om bruk av tvang. Er regelverket i tilstrekkelig grad kjent og tatt i bruk?

4.8 Rusfeltet

Kommunen anslår i rapportering for 2012 at det er 12,3 årsverk knytt til rusarbeidet i kommunen, fordelt på NAV og eining for psykisk helse. 6 av disse stillingane er finansiert av tilskot til kommunalt rusarbeid. 3 stillingar er retta mot unge vaksne i alderen 18-25 år med spesielt fokus på oppfølging mot skule/arbeidsretta tiltak og ordinært arbeid.

Ordninga med tilskot til kommunalt rusarbeid er avslutta frå 2013. FM veit ikkje om tilbodet til rusmisbrukarar i Kristiansund har blitt redusert som følgje av at tilskotsordninga er avvikla. Det vil i så fall være bekymringsfullt. Kristiansund anslår at ca. 300 personer i kommunen har rusproblem og treng bistand frå det kommunale tenesteapparatet.

Motteke tilskot til kommunalt rusarbeid i 2012 var 2,7 mill. og vart fordelt mellom NAV og eining for psykisk helse. Samla tilskot i løpet av opptrappingsperioden (2008-2012) er i underkant av 10,4 mill. Psykisk helse vil frå 1. september 2013 få hovudansvar for oppfølging innan rusfeltet. NAV vil fortsatt ha ansvar for arbeid og aktivitet for deler av denne brukargruppa.

De største utfordringane for kommunens rusarbeid er ansvars- og rollefordeling internt i kommunen, tenester som er knytt til bustad, og manglande ressursar til dette arbeidet. Det vi frå vår side ser har vore utfordringa i Kristiansund er vidareføring av ressursar *etter* tilskotsperioden. Kommunen har, som det kjem fram i avsnittet over, motteke betydelege ressursar til kommunalt rusarbeid siste åra og også gjennom andre ordningar før dette. Men vi ser at kommunen i liten grad har gjort stillingar faste.

Fylkesmannens bilde:

Dei største utfordringane for kommunens rusarbeid er ansvars- og rollefordeling internt i kommunen, tenester som er knytt til bustad, og manglande ressursar til dette arbeidet.

Dialogpunkt

Kva vil kommunen gjere for å oppretthalde og samordne tenestene innan rusfeltet?

4.9 Kort oppsummering av fagområdet med søkelys på vidare oppfølging -

- **Pleie og omsorg**
Institusjonsplasser og oppfølging/tilbod til personer med demens
- **Sosialtenesta**
Fortsatt samarbeid om fagutvikling
- **Barnevern**
Oppfølging av fosterbarn og tilstrekkelig dokumentasjon
- **Psykisk helsearbeid**
Utfordringar knytt til ungdom under 18 år med psykiske helseplager som aukar i alvorlighetsgrad og hyppighet.
- **Gjennomføring av helsehjelp med tvang**
Få vedtak om bruk av tvang. Er regelverket i tilstrekkelig grad kjent og tatt i bruk?
- **Rusfeltet**
Ansvars- og rollefordeling internt i kommunen, tenester som er knytt til bustad, og manglande ressursar til dette arbeidet. Korleis sikrar kommunen vidareføring av ressursar etter tilskotsperioden?

Kap. 5 Oppvekst og utdanning

- *Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringer på fagområdet*
- *Barnehage*
- *Grunnskule*
- *Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak*

5.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringer på fagområdet

Barn og unge har plikt til grunnskuleopplæring, og rett til ei offentleg grunnskuleopplæring. Noreg har tiårig obligatorisk grunnskule som blir finansiert av kommunane. Barna tek til på skulen det året dei fyller 6 år. All ungdom mellom 16 og 19 år har rett til vidaregåande opplæring. Elevane kan velje mellom yrkesførebuande eller studieførebuande program, og opplæringa blir finansiert av fylkeskommunen.

Fylkesmannen skal bidra til at den nasjonale utdanningspolitikken blir følgd opp av fylkeskommunale, kommunale og private skuleeigarar. Vi skal vere ein ressurs og eit serviceorgan for kommunar, fylkeskommunar og andre med oppgåver innanfor opplæring, til dømes private skular, studieforbund og folkehøgskular.

Fylkesmannen skal dessutan bidra til å ivareta rettane og rettsvernet til elevar, føresette, lærlingar og deltakarar i vaksenopplæringa.

5.2 Barnehage

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som gir barn under skulepliktig alder gode tilhøve for utvikling og aktivitet. Alle kommunar har ei lovfesta plikt til å tilby nok barnehageplassar, og kommunane har også ansvar for å finansiere barnehagane.

Fylkesmannen skal medverke til å nå dei nasjonale måla for barnehagepolitikken.

Fylkesmannen skal mellom anna:

- *utføre tilsyn*
- *gi generell informasjon og rettleiing*
- *sikre rettar gjennom behandling av klager og andre enkeltsaker*
- *leggje til rette for og vere pådrivar i arbeidet med å betre kvaliteten*
- *forvalte statlege tilskot*
- *medverke til tverrfagleg samarbeid*

Fylkesmannen sine fokusområder:

Retten til barnehageplass: Fylkesmannen skal følge opp kommunane og sjå til at dei oppfyller retten til barnehageplass.

Rekruttering: Fylkesmannen skal prioritere og iverksette tiltak for auka rekruttering til barnehagelæreryrket gjennom satsinga GLØD.

Likestilling: Fylkesmannen skal bidra med å auke rekrutteringa av menn til barnehagelæreryrket.

Innhaldet i barnehagen og utviklinga av kvalitet i barnehagen: Fylkesmannen skal på fleire område arbeide med tiltak for å auke kvaliteten i barnehagen. Dette omfattar m.a. innsats for å:

- bidra til vidareføring av satsinga *Vennskap og deltaking - kompetansesatsing for barnehageansatte*, herunder tiltak for å ivareta mangfalds- og likestillingsperspektivet
- bidra til implementering av veilederen *Barns trivsel – voksnes ansvar* gjennom samarbeid med relevante aktørar
- informere om tiltaka for rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar

Økonomisk likeverdig behandling: Prioritere informasjon knytt til kommunane si praktisering av forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentleg tilskot til ikkje-kommunale barnehagar.

Fylkesmannen sitt bilde:***Retten til barnehageplass:***

Ut frå Fylkesmannens vurdering oppfyller kommunen retten til barnehageplass.

Rekruttering:

Andel styrarar med dispensasjon frå utdanningskravet i Kristiansund er 0% medan gjennomsnittet for Møre og Romsdal er 2,5%.

Andel pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet i kommunen ligg på 13 % (15 personer) medan fylkessnittet ligg på 20,7%.

Kristiansund kommune har med andre ord mindre rekrutteringsutfordringar enn dei fleste kommunane i fylket. Alle tal er fra 2012.

Likestilling:

Andel menn av totalt tilsette personar i barnehagane i Kristiansund var i 2012 10,1%, mot 4,5% i hele fylket og 7,5% for landet. Altså betre tal for Kristiansund enn gjennomsnittet sett frå eit likestillingsperspektiv.

Innhaldet i barnehagen og utviklinga av kvalitet i barnehagen:

Kristiansund kommune har i mange år framstått som aktive på den faglege utviklinga av barnehagane. Mellom anna har Fylkesmannen merka seg at kommunen var tidleg ute med interkommunalt samarbeid om tilsyn med eigne barnehagar.

Kommunen er medarrangør av årleg barnehagekonferanse i samarbeid med Sunndal kommune. Dette har sikra at barnehage tilsette har fått eit årleg tilbod om kompetanseheving.

Kommunen var tidleg ute og «tok grep» på det barnehagefaglege området. Tilsyn fylkesmannen har hatt på området gav eit godt inntrykk, og med god samanheng mellom kommunale planar og praksis. I den siste tida har Fylkesmannen hatt mindre direkte kontakt på det barnehagefaglege området.

Økonomisk likeverdig behandling:

Kristiansund har ikkje hatt klager med bakgrunn i ny *Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager.*

Nøkkeltal for barnehageområdet for 2012 (KOSTRA)

Indikatorar	1505 Kristian- sund	KOSTRAgr. 13	M&R	Landet u/ Oslo
Del av barn 1-5 år med barnehageplass	91	91	93	91
Del av barn i barnehagane som er minoritetsspråklege	10,1	11,7	8,3	10,1
Del av barn i barnehagar i kommunale barnehagar	48	42	49	51
Del av tilsette med førskolelærerutdanning	30,4	34,4	29,3	33,7
Del av assistentar med fagutdanning eller tilsvarande	23	25	28	29
Del av tilsette i barnehagane som er menn	10,1	8,6	4,5	7,5
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehagar per korrigert opphaldstid (kr)	52	52	52	52
Kommunale overføringer av driftsmidlar til private barnehagar per korrigert opphaldstid (kr)	41	37	34	37
<i>Styrka tilbod etter barnehagelov(koetra-funksjon 211) og spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslov (§ 5-7)</i>				
Andel av barn i barnehagar som får ekstra ressursar til styrka tilbod (f 211)	17,8		14,3	
Brutto driftsutgifter per barn som får ekstra ressursar etter funksjon 211	60 748		44896	
Andel barn av barn i barnehagar med spesialpedagogisk hjelp etter oppl. § 5-7	5,7		3,0	
Årstimar hjelp per barn etter § 5-7	409		410	518
Fordeling av timar på (spesial)pedagog/ assistent etter § 5-7	20/80		38/62	56/44

Dialogpunkt

- Kva er status for det interkommunale samarbeidet med kommunen som tilsynsmyndighet, og andre barnehagefaglege tema ?
- Kva er status for den barnehagefaglege kompetansen på kommunenivå ?

5.3 Grunnskole

Med grunnopplæring meiner vi grunnskule og vidaregåande opplæring. Opplæring på grunnskulenivå er eit kommunalt ansvar, medan fylkeskommunen har ansvar for opplæringa på vidaregåande nivå. I tillegg kan private skuleeigarar tilby grunnopplæring.

Fylkesmannen medverkar til kvalitetsutvikling av grunnopplæringa gjennom rapportering, vurdering og rettleiing. Fylkesmannen utøver dessutan tilsyn, ser til at vedtak er lovlege og handsamar klagesaker knytt til grunnopplæringa.

Fylkesmannen koordinerer avvikling av sentralt gjevne eksamen i vidaregåande opplæring.

Fylkesmannen sine fokusområde:

Læringsmiljø: Elevane har rett på eit læringsmiljø som fremmer helse, trivsel og læring (jf oppl. § 9a-1). Status på området kan indikerast gjennom resultat frå elevundersøkinga for indikatorar relatert til læringsmiljøet.

FM har i perioden frå hausten 2010 og fram til i dag ført tilsyn med i kor godt skulane arbeider med skulemiljøet på områda forebygging, individuelt retta arbeid og brukarmedverknad.

FM har gjennom prosjektskjønnsmidlar i 2011 og 2012 støtta prosjekt som siktar mot å utvikle skulane sitt systematiske arbeid med temaet.

Ressurssituasjonen: Fylkesmannen følgjer med på utviklinga av ressursbruken i skulen, herunder kor stor del av elever som får spesialundervisning og kor stor del av ressursane som blir brukt til spesialundervisning kontra ordinær undervisning. Ei auke i bruken av spesialundervisning på bekostning av ressursar til ordinær undervisning er etter FM si vurdering ei uønska utvikling. FM har dei siste åra presentert statistikk på området på arenaer med kommunane og sett forkus på utviklinga.

FM har gjennom prosjektskjønnsmidlar i 2011, 2012 og 2013 støtta prosjekt som siktar mot å forbetre kommunane, skulane og PPT sitt arbeid med spesialundervisninga.

Tilstandsrapporten og skuleeigars ansvar: Fylkesmannen har fokus på at skuleeigar bruker tilstandsrapporten etter oppl. § 13-10 som grunnlag for drøftingar og vedtak på politisk skuleeigarnivå.

Fylkesmannen samarbeider med KS og M&R fylkeskommune om skuleeigarprogrammet «Den gode skuleeigar» som blir gjennomført i 2013 og 2014. Kristiansund kommune er deltakar i programmet.

Vurdering for læring: Overordna målsetting er å legge til rette for at skuleeigar og skular kan videreutvikle ein vurderingskultur og ein vurderingspraksis som har læring som mål. Dette er ei fireårig satsing som har vart frå hausten 2010. Møre og Romsdal er med i 4. pulje som starta våren 2013.

Ungdomstrinnsatsinga: På grunnlag av Meld. St. 22 *Motivasjon – mestring – Muligheter* (Ungdomstrinnsmeldiga), er det frå sentralt hold utarbeidd ein eigen strategi for gjennomføring av satsinga på ungdomstrinnet i fem år framover. Målsettinga er eit meir praktisk, variert, relevant og utfordrande ungdomstrinn som skal auke elevanes motivasjon og læring. Regjeringa gjer tre hovudgrep som skal medverke til dette: innføring av valfag, auka fleksibilitet og prioriterte verkemiddel for utvikling av forbetra undervisning i den ordinære opplæringa.

Fylkesmannen sitt bilde:

Læringsmiljøet:

Kristiansund kommune samla har hatt liten endring av elevenes rapporterte forekomst av mobbing dei siste åra (med noko betring frå 2010 til 2011). Forekomsten ligg for våren 2012 på same snitt som M&R og landet (1,4). Som det framgår av tabellen under, som viser rapportert mobbeforekomst for enkeltskular, er det stor variasjon skulane i mellom. Særlig gjeld dette barneskulane.

Ressurssituasjonen:

Kristiansund kommune har hatt små endringar i samla lærartettheit (uttrykt gjennom gjennomsnittleg gruppestorleik) dei siste 12 åra, slik det framgår av graf med tabell under. Det har likevel vore ein markant auke i bruken av spesialundervisning sidan 2006. Fra 7,2 % av elevar med vedtak om spesialundervisning skuleåret 2006/07 til 11,1 % i 2009/10. Førrige skuleår var talet 10,2%, altså ein liten nedgang, men framleis ligg kommunen godt over samanliknbare kommunar. Dette har gått på bekostning av lærarressursar til ordinær undervisning.

Kristiansund deltar i prosjektet *Rett diagnose feil medisin*, som har fått ein god del støtte frå FM's projektskjønnsmidlar gjennom 3 år. Fylkesmannen meiner det er gjort eit svært godt og grundig arbeid i dette prosjektet som legg grunnlaget for in utvikling i riktig retning.

Vurdering for læring:

Kommunen er saman med kommunane Averøy, Sunndal, Surnadal og Tingvoll (*Vurderingsnettverk Nordmøre*) plukka ut til å delta i prosjektet *Vurdering for læring*. Dette er ein del av pulje 4 i den nasjonale satsinga på å auke kvaliteten på elevvurderingar som eit verkemiddel til betre læring for elevane. Det er levert ein god og gjennomarbeidd prosjektplan for dette arbeidet. Fylkesmannen ser svært positivt på den rolla Kristiansund kommune, som ein stor kommune i området, tar på skuleutviklingsområdet.


Ungdomstrinnsatsinga:

Satsinga er i startfasen og kommunane har våren 2013 blitt invitert til ei kartlegging av kompetansebehov innanfor dei prioriterte områda. Det vil bli gitt tilbo om bistand til skulebasert kompetanseutvikling til alle landets ungdomsskular med oppstart anten hausten 2013, 2014, 2015 eller 2016. Det blir viktig at kommunane, ut frå eigne planar og behov, legg opp ein eigen strategi for satsinga. Det bør klargjerast om og korleis dei vil utnytte tilboda

om bistand frå eit høgskulemiljø, og korleis dei legg opp utviklinga av ungdomstrinnet også utanom perioden på tre semester der dei får ekstern bistand.

Gjennomføring:

Det har vore fokusert på gjennomføring av vidaregåande skule ei tid no. Å betre gjennomføringa er eit av dei nasjonale satsingsområda. Ungdomstrinnsatsinga er også eit verkemiddel for å oppnå dette. Grafen under viser kor stor del av elevane frå kommunane i fylket som ikkje har fullført vidaregåande opplæring etter fem år. Som ein ser har Kristiansund ei utfordring her.



18

Kunnskapsdepartementet

Nøkkeltal for grunnskoleområdet for 2012

Indikatorer	1505 Kr.sund	KOSTRA- gruppe 13	M&R	Landet u/ Oslo
Elever per kommunal skule	219	273	164	206
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	13,8	14,5	13	13,5
Del av elever i grunnskolen som får spesialundervisning	10,2	7,9	9,3	8,6
Del av elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	4,2	7	4,6	5,5

Del av timer til spesialundervisning av lærertimer totalt	20,5	17,9	19,2	18
Del av elever i grunnskolen som får tilbud om skoleskyss	10	15	29	24
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng	39,3	..	40,3	39,9
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring	96,3	97,6	98,1	97,9


Tall for elever som oppgir at de blir mobbet

(Dvs. elever som svarer at de har blitt mobbet 2-3 ganger i måneden eller mer.).

Gjennomsnittlig andel som oppgir mobbing 7. trinn		
<i>Avdelingsnavn</i>	<i>Våren 2010, 2011 og 2012</i>	<i>Våren 2007, 2008 og 2009</i>
Allanengen skole	14,1	6,6
Bjerkelund skole	1,7	Mangler deltagelse minst ett av årene.
Dalabrekka skole	14,2	Mangler deltagelse minst ett av årene.
Dale barneskole	9,3	10,5
Frei skole	2,8	19,3
Gomalandet skole	19,4	Mangler deltagelse minst ett av årene.
Innlandet skole (Kr.sund)	0,0	3,8
Nordlandet skole	5,1	7,1
Rensvik skole	7,2	11,0

Gjennomsnittlig andel som oppgir mobbing 10. trinn		
<i>Avdelingsnavn</i>	<i>Våren 2010, 2011 og 2012</i>	<i>Våren 2007, 2008 og 2009</i>
Atlanten ungdomsskole	10,1	4,2
Frei ungdomsskole	7,3	Mangler deltagelse minst ett av årene.
Nordlandet ungdomsskole	4,9	3,9

Utviklinga av spesialundervisningsandel sett opp mot lærertetthet de siste tolv årene.



Tilsyn 2009-2012: Tilsyn vår 2009 for å kontrollere om skuleeigar hadde eit forsvarleg system for å organisere elevane i grupper, jf opplæringslova §§ 13-10 andre ledd og 8-2, med 1 avvik. Felles nasjonalt tilsyn vinter 2011 med Rensvik skole og Atlanten ungdomsskoles etterleving av regelverket i forhold til elevane sitt psykososiale skulemiljø. Ingen lovbrøt ved Atlanten u.sk., men 3 lovbrøt ved Rensvik skole med påfølgande pålegg. Oppfølgingstilsyn ved Rensvik skole vinter 2012/13 viste at avvika var lukka.

Klagesaker 2011-13: 2011: 8 klager (fordelt på 3 skular) på standpunktkarakterar, 3 avvist og 5 sendt tilbake. 5 klager på spesialundervisning (§ 5 -1) – 2 ikkje medhald, 1 medhald, og 2 sendt tilbake. 4 klager på spesialpedagogisk hjelp til førskulebarn (§ 5 -7) – 1 ikkje medhald og 3 medhald. 1 klage på spesialundervisning for vaksne (§ 4A -2), sendt tilbake. 2 klager på skulemiljøet (kap 9A) – 1 ikkje medhald og 1 medhald.

2012: 5 klager på standpunktkarakterar (frå 1 skule, Frei u.sk.), 0 avvist og 5 sendt tilbake (av desse 2 heva og 3 uendra). 3 klager på spesialundervisning (§ 5 -1) – ingen fekk medhald. 2 klager på spesialpedagogisk hjelp til førskulebarn (§ 5 -7) – 1 ikkje medhald og 1 medhald. 1 klage på spesialundervisning for vaksne (§ 4A -2), sendt tilbake. Ingen klager på skulemiljøet (kap 9A). 3 klager på avslag på skulebytte – 2 ikkje medhald og 1 sendt tilbake.

2013: 7 klager på standpunktkarakterar (fra 3 skuler), 1 avvist og 6 sendt tilbake. (Klagebehandling etter andre bestemmelsar er enda ikkje avslutta for 2013.)

Dialogpunkt

- Korleis ser kommunen på andel elevar med spesialundervisning og bruken av ressursar til spesialundervisning? Kva kunnskap har ein om utbytte av spesialundervisninga? Kva for effekt ser ein av prosjektet *Rett diagnose feil medisin*?
- Variasjonen i mobbetall mellom skulane er stor, og nokre skular har enkelte år ikkje deltatt på obligatorisk elevundersøking – korleis føl kommunen med på og ev. grip inn i forhold til resultatata frå skule til skule?
- Kva for eigne strategiar har kommunen for «Ungdomstrinnssatsinga»?

Kap. 6 - Miljøvern og arealforvaltning

- *Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet*
- *Forvaltning av arealressursane gjennom kommunal arealplanlegging*
- *Naturvern*
- *Forureining*
- *Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak*

Denne delen omhandlar Fylkesmannen sitt inntrykk av status og utfordringar for kommunen knytt til forvaltning av areal- og naturressursane i kommunen. Dette omfattar også oppgåver knytt til kommunal arealplanlegging etter plan- og bygningslova.

6.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet

Fylkesmannen skal medverke til gjennomføring av den nasjonale miljøvernpolitikken. Arbeidet er forankra i lover, forskrifter og retningslinjer. Miljøverndepartementet og Miljødirektoratet er oppdragsgjevarar i dette arbeidet.

Kommunane står sentralt i miljøvernarbeidet. Rettleiing og oppfølging av kommunane er ei viktig oppgåve for Fylkesmannen. Vi samarbeider også nært med andre statlege styresmakter, fylkeskommunen og frivillige organisasjonar.

Fylkesmannen har ei viktig rolle for å medverke til ei berekraftig utvikling gjennom si oppgåve med å samordne ei rekke samfunnssektorar på regionalt nivå. Fylkesmannen har eit overordna miljøansvar, samtidig med eit eige resultatansvar på forureinings-, naturforvaltnings- og planområdet. For meir informasjon om kommunal saksbehandling innan planlegging, naturforvaltning, forureining m.m.; sjå www.miljokommune.no

6.2 Forvaltning av arealressursane gjennom kommunal arealplanlegging

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og følgd opp i behandling av kommunale og regionale planar. Fylkesmannens oppgåver ved regional- og kommunal planlegging er sentrale verkemiddel for å gjennomføre regjeringa sin miljøpolitikk på ei rekke område. Det er lagt opp til ei tett kopling til overordna kommuneplanlegging (jf. nærare omtale av dette i kap. 2.2)

Fylkesmannen sine fokusområde

- Kommunepansystemet etter plan- og bygningslova må brukast som eit aktivt styringsverktøy
- Kommunal planstrategi og Kommuneplan (samfunnsdel og arealdel) vil etter dette legge viktige føringar for vidare arbeid med områderegulering og detaljregulering

- På området *Natur- og miljøvern* vil søkelyset m.a. vere knytt til tema som landskap, friluftsliv, strandsone, viltinteresser, vegetasjon...

Fylkesmannen sitt bilde:

- Kristiansund kommune har hatt sterk vekst i oljerelatert verksemd. Auka aktivitet og arealbehov har vore konfliktfylt, særleg ved Vestbase og på Husøya. Det må vere ei høgt prioritert oppgåve for kommunen å gi klare og forutsigbare rammer for næringsliv og berørte naboar.
- For Husøya er problematikken særleg samansett, med nærheit til Fugløya og stor belastning på naboar. Som kommunen er kjend med er bit-for-bit-utviklinga problematisk for vurderingar etter naturmangfoldlova. Tilsvarande er utviklinga uheldig for naboar som opplever stadig meirbelastning og ulemper, særleg knytt til trafikk. Naturmangfoldlovas krav til heilheitleg vurdering av konsekvensar er drøfta med kommunen i eige møte i mai 2013. Når det gjeld forholdet til naboar og berørte langs tilkomstvegen til Husøya, kan ikkje Fylkesmannen understreke sterkt nok at det er maktpåliggande å finne løysingar. I verste fall kan mangel på løysing stenge for vidare utvikling av det potensialet som ligg i kommuneplanen. Kommunen bør vurdere å utarbeide ein områdeplan som gir samla rammer for korleis Husøya kan utviklast.
- Store samferdselsprosjekt er under planlegging gjennom *Bypakke Kristiansund*. Fylkesmannen vil understreke at satsing på andre alternativ enn auka vegkapasitet må ha tilstrekkeleg fokus i arbeidet, f.eks. kollektivløysingar og tilrettelegging for syklende og gåande.

Fylkesmannen ser det elles som viktig at kommunen avsluttar saka knytt til moloen på Rastarkalv.

6.3 Naturvern

Naturvern har som mål å sikre truga artar og naturtypar, og å ta vare på eit representativt utsnitt av norsk natur for ettertida. Det er Stortinget og regjeringa som legg rammene for dette arbeidet.

Nasjonalparkar, naturreservat og andre verneområde vert oppretta av Kongen i statsråd etter ein prosess, der grunneigarar, kommunar, fylkeskommunar, lokale og sentrale etatar og nærings- og interesseorganisasjonar får høve til å uttale seg. Fylkesmannen har ansvaret for prosessen i fylka, medan Miljødirektoratet har ansvaret for den sentrale prosessen. Heimelen til å opprette nye verneområde ligg i naturmangfoldlov.

Fylkesmannen sine fokusområde

I Kristiansund kommune er det tre naturreservat. Det er våtmarksreservatet Gløsvågen og sjøfuglreservata Grip og Fugløya. Fylkesmannen er forvaltningsstyresmakt for desse verneområda.

Av desse tre naturreservata er det flest utfordringar knytt forvaltninga av Fugløya naturreservat; ikkje minst ved at det ligg nært til Husøya der fleire industribedrifter er etablert. Det har og vore nokre problemstillingar knytt til forvaltninga av Gløsvågen naturreservat på grunn av at det ligg nært opp til Kvernberget og den aktiviteten som er der. Vi har ikkje oppfatta at kommunen har vesentlege utfordringar knytt til Grip naturreservat.

Vi vil spesielt minne om § 49 i naturmangfaldloven der det står:

«Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.»

Det aller meste av areala i kommunen er ikkje verna, og det er eit stort utbyggingspress. Det set høge krav til kommunen si planlegging etter PBL. PBL er det viktigaste verktøyet kommunen har for å forvalte naturmangfaldet på ein berekraftig måte.

Fylkesmannen sitt bilde:

Det står at vesentlege og komplekse problemstillingar som må løysast gjennom planlegging i området Husøya-Fugløya-Bolgsvaet.

Dialogpunkt

Kva grep vil kommunen ta for å få til gode framtidsretta løysingar ved bruk av Plan- og bygningslova, særleg når det gjeld tilkomstvegen til Husøya?

6.4 Forureining

Fylkesmannen er forureiningsstyresmakt for

- *landbasert industri, med unntak av dei verksemdene som Miljødirektoratet er forureiningsstyresmakt for*
- *alle avfallsanlegg, med unntak av behandlingsanlegg for farlig avfall og anlegg for opphogging av utrangerte offshoreinstallasjonar. Fylkesmannen skal også hente inn avfallsplanar frå hamner og drive tilsyn med dei*
- *lokalitetar med forureina grunn som kan knytast til verksemdar og bransjar som er omfatta av delegerte saksområde.*
- *utslepp av kommunalt avløpsvatn frå større tettbebyggelse*

Fylkesmannen kan gi løyve til verksemd som fører til forureining. Når Fylkesmannen gir slike løyve, må verksemda sikre tiltak for å minske ulempa for miljøet og andre.

Fylkesmannen sine fokusområde

Avløp:

Kommunen har ei rekke roller innan avløp, både som anleggseigar, forureinar og styresmakt. God kontroll med avløpsvatn er viktig for å hindre sjukdomsspreiing og overgjødsling. Avløpskontroll er i tillegg med på å sikre godt drikkevann, unngå forureining av jordvatningsanlegg, og gi gode moglegheiter for rekreasjon som fiske og bading. Det er viktig med oppdaterte kommunale avløpsplanar, som òg inkluderer behandling av overvatn. For verksemdar der Fylkesmannen er *forureiningsstyresmakt* er det viktig med god dialog mellom Fylkesmannen og kommunen i samband med påslepp av prosessvatn til kommunalt avløpsanlegg.

Forureina grunn:

Kommunen er forureiningsstyremakt når det gjeld opprydding i forureina grunn i samband med bygge- og gravearbeid, jf. kapittel 2 i *Forureiningsforskrifta*. Kommunen skal legge inn data frå bygge- og gravesaker i databasen *Grunnforureining*. Fylkesmannen skal gi rettleiing og vere ein pådrivar for at kommunen rapporterer i databasen.

Fylkesmannen sitt bilde:

Eksisterande avløpsreinseanlegga i Kristiansund kommune tilfredstill ikkje dei nye reinsekrava gitt i kapittel 14 i *Forureiningsforskrifta*. Alle større avløpsreinseanlegg skal vere ferdigstilte og tilfredstille forskriftskrav innan 31.12.2015. «Hovedplan for avløp og vannmiljø 2012-2021» vart vedtatt i Kristiansund bystyre 19.06.2012. Planen beskriv korleis kommunen skal arbeide innan avløps- og vannmiljøsektoren fram mot 2021. Sentralt i planen er tilpassing til dei nye reinsekrava.

Kristiansund kommunen har mange små, gamle avfalls- og massedeponi og mange bynære område med mistanke om forureina grunn. Dette må det takast omsyn til ved behov for terrenginngrep i grunnen. Eit terrenginngrep i forureina grunn aukar risikoen for at menneske blir eksponert for forureining. Inngrepet aukar òg risikoen for at ureininga spreier

seg i miljøet. Dersom det ikkje vert rydda i forureininga før det vert bygd og fylt ut på ei tomt, kan det vere mykje vanskelegare å rydde opp på tomte seinare. Ved terrenginngrep i forureina grunn skal tiltakshavar utarbeide tiltaksplan. Tiltaksplanen skal sendast til kommunen for godkjenning. Kommunen si saksbehandling av tiltaksplanen skal så langt som mogleg samordnas med behandling av saka etter plana- og bygningslova. Kommunen har myndigheit til å føre tilsyn med forureina grunn i byggje- og gravearbeid. Det er plikt til å stanse alt arbeid som kan utløyse spreingsfare av igangsett terrenginngrep om det oppstår mistanke om forureining i grunn.

Dialogpunkt

Avløp:

- Er prosessen med å søkje om nytt utsleppsløyve i forkant av ombygging av leidningsnett og avløpsreinseanlegg i rute ? Fylkesmannen kan ikkje gi dispensasjon frå reinsekrava lengre enn til 31.12.2015.

Forureina grunn:

- Har kommunen eit system som fangar opp alle saker som inneheld graving i område med mistanke om forureina grunn ? Viktig for å sikre at tiltakshavar etterlever krava i forskrifta.

Kap. 7 – Landbruk

- *Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet*
- *Landbruk og bygdeutvikling*
- *Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak*

Denne delen omhandlar Fylkesmannen sitt inntrykk av status og utfordringar for kommunen knytt til næringsutvikling og forvaltning av areal og naturressursar retta mot landbruk og bygdeutvikling.

7.1 Generelt om status, utviklingstrekk og utfordringar på fagområdet

Fylkesmannen skal medverke til at den nasjonale landbrukspolitikken blir gjennomført ved hjelp av informasjon, forvaltning av verkemiddel og lokalt tilpassa tiltak.

Fylkesmannen samarbeider med ei rekkje andre organisasjonar, fylkeskommunen og kommunane. Næringsutvikling med basis i jordbruk, skogbruk og tilknytte næringar er sentrale samarbeidsområde.

Fylkesmannen samarbeider med fylkeskommunen, Innovasjon Norge og kommunane om hoppid.no – ei felles satsing på entreprenørskap.

7.2 Landbruk og bygdeutvikling

Fylkesmannen sine fokusområde

- Kommunane har ansvar for ivaretaking av jordvernet saman med regionale og sentrale myndigheiter
- Kommunar med samarbeid om felles landbruksforvaltning/kontor må vere bevisste på å ha god kontakt og samhandling med landbrukskontoret
- For dei som driv aktiv landbruksnæring i ei bykommune er arealforvaltninga eit svært viktig område

Fylkesmannen sitt bilde:

Landbruket i Kristiansund kommune er ei lita næring. Totalt (2012) var det 20 føretak som søkte produksjonstilskot, med eit samla areal på 3000 dekar – tilsvarande 0,5 % av jordbruksarealet i fylket. Så godt som heile dette arealet vert brukt til grovfôr. Brutto omsetjing i primærjordbruket er på rundt 10 mill. kroner. Produksjonen er i all hovudsak knytt til mjølk og produksjon av kjøtt på storfe og sau.

Investeringsnivået i landbruket er lågt, - dette gjeld både tradisjonelt jordbruk og satsing på tilleggsnæring som lokal mat, grønt reiseliv, Inn på tunet eller bioenergi.

Kommunen har avgrensa med skogressursar, men skogen er svært viktig som rekreasjonsområde.

Sjølv om næringa er lita, har brukarane krav på fullverdige tenester. Kommunen har ansvaret for dette. Det er verdifullt at ein bykommune har grøne område, både dyrka mark og utmar/skog. Fylkesmannen sitt inntrykk er at kommunen har og har hatt ei fornuftig arealforvaltning.

Dialogpunkt

- Bynært landbruk har mange kvalitetar og har stor verdi for befolkninga. Korleis kan kommunen arbeide for å bevare produksjonsgrunnlaget i landbruksnæringa og stimulere til utvikling av nye næringar knytt til gardsbruk?
- Kommunen kjøper forvaltningsteneste av ein nabokommune. Korleis følgjer kommunen opp kvaliteten på desse tenestene?

7.3 Kort oppsummering på fagområdet med søkelys på vidare oppfølging – aktuelle tiltak

- Arealforvaltning gjennom plan, herunder vern av jordbruket sitt produksjonsareal
- Sikre god kontakt med landbrukskontoret i Gjemnes, kvalitet på landbrukstenestene og samhandling mellom landbrukskontoret og kommunens eigen administrasjon. Alle kommunar skal ha ei landbruksforvaltning som følgjer opp nasjonal landbrukspolitikk, og som bidrar til å gjennomføre jordbruksavtalen. Kristiansund kommune har vald å fylle dette kravet gjennom å kjøpe tenester frå Gjemnes kommune. Uavhengig av modell, vil kommunen ha ansvaret for tenestene
- Kommunen har ei unyttta potensiale for utvikling innan bygdenæringane – for eksempel utvikling av Inn på tunet-tenester og lokal mat. Desse næringane vil ha ein stor marknad i den gamle bykommunen. Forvaltninga bør ha ei aktiv haldning til utvikling av desse næringane. Innovasjon Norge kan vere med på å finansiere satsingar på desse områda

Vedlegg til kap 7:

Lenker til Landbruksmelding for M&R, vedteke av fylkestinget i desember 2012

[http://mrfylke.no/Tenestekomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan/Fagmeldingar/Landbruksmelding-for-Moere-og-Romsdal/\(language\)/nno-NO](http://mrfylke.no/Tenestekomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan/Fagmeldingar/Landbruksmelding-for-Moere-og-Romsdal/(language)/nno-NO)

Vedlegg

Nokre aktuelle lenker til:

Statistikk

- Kommunestatistikk Møre og Romsdal
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Kommunestatistikk>
- Fylkesstatistikk Møre og Romsdal
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Fylkesstatistikk>
- Folkehelsestatistikk Møre og Romsdal
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Folkehelsestatistikk>
- SSB/KOSTRA <http://www.ssb.no/kostra/>

Tabellar/figurar/kart

- Møre og Romsdal fylkeskommune/Plan og analyse/Kart og fagdata
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Kart-og-fagdata>

Planar/dokument m.m.

- Regional planstrategi 2012 – 2016 Møre og Romsdal
<http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regional-planstrategi>
- Riss <http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/RISS>
- Temp <http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Konjunkturbarometeret-Temp>

Tilsynskalender

Fylkesmannen i Møre og Romsdal; heimeside

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/>